

Bok på 1-2-3

Jakob og Neikob og det tomme rommet

Av Kari Stai

Tverrfagleg opplegg for 1.–4. klasse i faga norsk,
samfunnsfag og musikk

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp PC med tilgang til internett og prosjektør.
- Søke fram boka *Jakob og Neikob og det tomme rommet*.
Gjere boka klar til skjermvising i klasserommet.
- Søke opp *Jul og advent* på tunkatten.no/songbok
- Ha gjerne dempa belysning og tende lys eller liknande.
Lag ei god adventsstund i klasserommet.



Formål

Norsk

- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, rørsle og andre kreative uttrykk
- Utforske ulikskap og likskap mellom skriving på hovudmål og sidemål

Samfunnsfag

- Samtale om kvifor det oppstår konfliktar i skule- og nærmiljøet, lytte til andre si mening og samarbeide med andre om å finne konstruktive løysingar

Musikk

- Samtale om og reflektere over korleis musikk skaper mening når den vert brukt i ulike sosiale samanhengar
- Utøve og utforske eit repertoar av songar og dansar frå ulike musikkulturar



1 Før lesing (15 minutt)

Samtale om framsida på boka

La framsida vise på skjermen.

- Kva heiter boka? Kvifor trur de boka heiter det?
(Jakob og Neikob og det tomme rommet)
- Kven trur de det er biletet av på framsida? (Jakob og Neikob)
- Kor er dei? (Ved trappa. Det snør ute.)
- Kva gjør dei? (Jakob er på veg opp trappa. Ser mot oss. Neikob står ved sida av trappa. Han ser også mot oss.)
- Sjå på andleta til Jakob og Neikob. Korleis har dei det?
(Jakob smiler og ser forventningsfull ut. Neikob ser sur eller trist ut. Ikkje så forventningsfull.)
- Kva er likt og kva er ulikt i utsjånaden til Jakob og Neikob?
- Kor trur de Jakob er på veg? Kva trur de Neikob gjør?
- Kva årstid er det? (Det ser ut som vinter og mørketid. Det er snø i lufta og blåtime.)
- Kva fargar er brukte på framsida av boka (Raud og blånyansar som er kontrastfargar, varm og kald. Brun og kvit.)



2 Lesing og litterær samtale (45 minutt)

a Les boka *Jakob og Neikob og det tomme rommet* med lesestopp med vekt på undring og språkleik.

Forslag til samtalepunkt:

- Vis biletet av Jakob og Neikob utanfor huset sitt, oppslag 1 (side 2–3).
 - Korleis kan vi sjå at Jakob og Neikob er venner? (Dei held rundt kvarandre, dei leikar i snøen med kjelke og lyslykt.)
 - Korleis ser huset deira ut? (Det er grønt og har tre etasjar.)
 - Kor trur du Jakob bur i huset? Kor trur du Neikob bur? Er det andre rom i huset? (Døra er open og det lyser fint frå 1. og 2. etasje. 3. etasje er mørklagd)



2 Lesing og litterær samtale (framhald)

- Vi les oppslag 1 (side 2–3).
- Gå til oppslag 2 (side 4–5).
 - Korleis ser det ut som om Jakob og Neikob har det om kvelden når dei skal sove? (Dei synest det er skummelt med det tomme loftet. Dei tykkjer det er vanskeleg å sove.)
 - Les oppslag to.
 - Kva finn dei ut er løysinga? (Å få ein sambuar som kan bu på loftet.)
- Vis oppslag 3 og 4 (side 6–7, 8–9).
 - Jakob og Neikob møter fleire som kan vere ein sambuar. Kven er dette, og kva utfordringar er det med dei dei møter? Les teksten etter undring.

b Les oppslag 5 til 10 (side 10 til 20).

c Kva høyrd Jakob og Neikob frå taket? Kva har skjedd til no?

Samtal med læringspartnar:

- 1 Jakob og Neikob høyrer ein dunkelyd frå taket, ned gjennom murpipa og som stoppar på loftet.
- 2 Dei tykkjer det er litt skummelt, men Neikob går opp trappa med Jakob hakk i hel til loftet.
- 3 Der finn dei ein julegåvesekk i senga. Dei vil leike at den er ein sambuar.
- 4 Om natta blir begge nyfikne og vil klemme på og kike i sekken. Då seier sekken «unna veg» og rullar av garde.
- 5 Neikob vil ikkje at sekken skal rulle av stad. Dei undrar seg om ikkje sekken vil vere sambuaren deira.
- 6 Sekken svarer underleg: «Har de vore snille i år, då? »
- 7 Kva svarer Neikob? (nei!)
- 8 Neikob fortel Jakob at han har kika i sekken. Jakob mistenkjer at Neikob har støle sekken.
- 9 Slik blir dei to bestevennene verstevenner.



d Samtale i klassen: Har de nokon gong vore uvenner med ein god venn? Korleis følte du det? (Vondt i magen, trist, uroleg ...)

e Vi les resten av boka.

2 Lesing og litterær samtale (framhald)

f Gå i grupper på tre. Leik/dramatiser kva som skjer frå Jakob og Neikob blir uvenner.

Ein er Jakob (seier mykje ja), ein er Neikob (seier mykje nei) og den tredje er «sekken» (seier ein del typiske nissereplikkar. Kva replikkar er det? Vi leitar i teksten og skriv på tavla).

Stikkordmanus

- Neikob tykkjer det er veldig trist å vere ein uvenn.
- Han bestemmer seg for å finne sekken og leitar og leitar til han finn han.
- Det er sjølvaste nissen som bur i sekken!
- Det viser seg at nissen er sliten og sôv i sekken fordi han ikkje har hus.
- Han spør: «Er det nokon snille barn her?»
- Jakob kjem springande. Kva trur de han svarer?
- Jakob og Neikob jublar over å sjå kvarandre igjen.
- Dei seier unnskyld til kvarandre og fortel at dei er kvarandre sin beste venn.
- Nissen gir dei eit julegåveønske – ein sambuar – og legg seg på kjelken.
- Endeleg får Jakob sambuar, Neikob nattesøvn og nissen husrom.
- Dei feirar julekvelden på loftet med bollar og brus. Dei ønskjer kvarandre og oss ei god natt og ei god jul.



g Samtale i klassen

- Har de nokon gong løyst ei konflikt med ein god venn? Korleis gjorde du det, og korleis kjentest det etterpå?
- Tenk på juleevangeliet: korleis var det for Maria og Josef å få husrom i Betlehem? (Det var fullt i alle herberga, men dei fekk lov å sove i ein stall.)
- Jakob, Neikob og Nissen feirar jul på loftet. Ser de at biletet liknar litt på stallen i Betlehem? Kva trur de forfattaren har ønskt å formidle med det? (Kanskje at kjærleik, vennskap og å vere saman gjer oss glade.)
- Tenk på Jesusbarnet: Kva seier Bibelen om kvifor Jesus kom til jorda? Han kom for å gi kjærleik og tilgjeving.

Kjærleik og tilgjeving er noko alle menneske treng. Både å gi og få. Det gjer livet betre å leve.

3 Etterarbeid og tilleggsressursar (30 minutt)

I klasserommet: Syng jula inn med tunkatten Lurivar!

Høyr fine nynorske songar om advent og jul – og syng med!

<https://www.tunkatten.no/songbok/advent-og-jul/>



Juleverkstad

Lag julekort med Framtida Junior! Sjå video først:

<https://framtidajunior.no/2019/11/21/sja-video-lag-julekort-med-dina/>

Dette treng du:

- Fargerik papp eller papir
- Fingermåling
- Tusj
- Pensel

Dette gjer du:

- Først kan du tenke ut kva du vil lage. Engel, snømann eller nisse, til dømes ...
- Dypp fingeren i fingermåling
- Trykk fingeren på papiret
- La målinga tørke
- Teikn på strekar
- FERDIG!

Lekkje med stjerner

Sjå vedlegg for mal.

Tilleggsressursar

De kan også sjå nærmere på desse kjeldene for å finne ut meir som passar til emnet:

Allkunne.no

Digitalt oppslagsverk på nett. Her finn du også stoff om advent og jul.

Framtidajunior.no

Avis for barn på nynorsk. Vil styrke nynorsken og bidra til å auke engasjementet til born og unge. Her finn du artiklar, vitskap, nyhende og kultur på nynorsk. Søk opp orda advent, jul, vennskap.

Bøker og songar

På sida til Nynorskenteret finn du ei samling tips om nynorske bøker og songar om jula:

<https://nynorskenteret.no/blogg/juletips>